



Kinn kommune

Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn kommune 2023 – 2027

Vedtak 137/23

Vedtak i kommunestyre sak 137/23
Forskrift om folkevaldes rett til
godtgjersle og velferdsgoder
i Kinn kommune 2023 - 2027

Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn kommune

Innhaldsoversikt

1 [Formål](#)

2 [Verkeområde](#)

3 [Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap](#)

4 [Utmåling av utgifter og økonomisk tap](#)

5 [Arbeidsgodtgjersle](#)

6 [Godtgjersle ved frikjøp](#)

7 [Ettergodtgjersle](#)

8 [Pensjonsordning](#)

9 [Rett til sjukepengar](#)

10 [Rettigheter ved yrkesskade](#)

11 [Permisjonar](#)

12 [Endringar](#)

13 [Ikraftsetjing](#)

14 [Kommentrarar til hjelpedokument](#)

1 Formål

Forskrifter etter kommunelova §§ 8-3, 8-4, 8-6 og 8-10 mv.

Forskrift [05.10.2023] om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn kommune

Fastsatt av Kinn kommunestyre [05.10.2023] med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunarog fylkeskommunar §§ 8-3, 8-4, 8-6 og 8-10 mv.

§ 1 Formål

Forskrifta skal leggje til rette for brei rekruttering til kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordningar som gjer det mogleg for alle å delta i lokalpolitikken.

2 Verkeområde

Forskrifta gjeld for alle folkevalde verv i Kinn kommune, inkludert verv i kommunale føretak og heileigde kommunale aksjeselskap.

3 Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap

Den som har eit tillitsverv i Kinn kommune, har krav på

- a. skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser i forbindelse med vervet
- b. dekning av utgifter som følgje av vervet, også utgifter til andre for å utføre nødvendige arbeidsoppgåver, barnepass og andre omsorgsoppgåver ein i forbindelse med utøving av vervet ikkje sjølv kan utføre
- c. erstatning for tapt inntekt som følgje av vervet

Krav etter første ledd skal fremjast for sekretariatet så snart som mogleg og bør seinast setjast fram innan 3 månader etter at kravet oppstod. Kravet skal dokumenterast. Krav etter første ledd bokstav b eller c som ikkje kan dokumenterast, dekkast likevel dersom utgiftene eller tapet er sannsynleggjort på annan måte.

4 Utmåling av utgifter og økonomisk tap

Godtgjering for skyss, kost og overnatting etter § 3 første ledd bokstav a vert gjeve for reiser over 10 km etter dei til ei kvar tid gjeldande satsane i kommunen sitt reiseregulativ.

Utgifter etter § 3 første ledd bokstav b vert dekka med inntil kr 1.600 per dag for dokumenterte utgifter og inntil kr 800 pr dag for ikkje-dokumenterte tap.

Tapt inntekt etter § 3 første ledd bokstav c vert dekka med inntil kr 6.000 per dag for dokumenterte tap og inntil kr 1.500 per dag for ikkje-dokumenterte tap.

5 Arbeidsgodtgjersle

Den som har eit kommunalt tillitsverv, har krav på godtgjersle for sitt arbeid etter følgjande satsar:

Tillitsverv	Godtgjersle i % av stortingsrepresentant si til ei kvar tid gjeldande godtgjersle.
Faste godtgjersler:	
a) Formannskapsmedlemmar, leiar i helse-, sosial- og omsorgsutvalet, leiar i oppvekst og kulturutvalet, leiar i plan- og miljøutvalet og kontrollutvalet	6 % pr år
b) Leiar av: styret i kommunale føretak og aksjeselskap heileigd av Kinn kommune, administrasjonsutvalet og klagenemnda	3,5 % pr år
d) Leiar av alle andre råd og utval	Dobbel møtegodtgjersle
e) Gruppeleiarar – flat sats	3 % pr år
f) Gruppeleiarar – tillegg pr medlem i gruppe	0,2 % pr år
Møtegodtgjersle:	
f) Møtegodtgjersle gruppe 1 , medlem av: Kommunestyret, "politikardagar ", møtande varamedlemer i formannskap, møtande medlem og varamedlem i hovudutval og administrasjonsutval, kontrollutval og eventuelt regionråd, styremedlemmar i kommunale føretak (avrunda) Nestleiarar, medlemmar, møtande varamedlemmar mv. får møtegodtgjersle i tråd med kommunen sitt godtgjerslereglement for gruppe 1. Det skal svarast tapt arbeidsforteneste.	0,13 % pr møte

g) Møtegodtgjersle gruppe 2 ,medlem av: Andre utval, råd, komitear og liknande (avrunda)	0,09 % pr møte
h) UKK får utbetalt kr. 250,- pr møte	

Fast årleg godtgjersle etter første ledd reduserast med 50% ved deltagning i mindre enn 50% av avvikla møter i løpet av kalenderåret.

Varamedlem som deltek i minst 50% av møte i løpet av eit kalenderår, har rett til 50% av det faste medlem si årlege godtgjersle etter første ledd.

I særskilde høve med stor arbeidsbelastning, kan formannskapet vedta at utvalsleiarar frikjøpast utover den faste godtgjersla som utvalsleiar.

Valde representantar til m.a. årsmøte, samarbeidsutval, generalforsamlingar, arbeidsgrupper, styringsgrupper, interkommunale utval m.v. får møtegodtgjersle etter gruppe 2 når godtgjersle ikkje vert betalt av andre.

Ved kurs, seminar, konferansar m.v. arrangert av kommunen som representanten vert kalla inn til, vert det betalt møtegodtgjersle, vederlag for tapt inntekt og skyss-, kost- og oppholdsgodtgjersle. Det same gjeld for valde utsendingar til generalforsamlingar, årsmøte og liknande. Møtegodtgjersla vert utbetalt etter gruppe 2.

Ved deltagning på kurs, seminar, konferansar, temaseminar, dialogmøte og folkemøte m.v. som vert arrangerte av andre enn kommunen vert det ikkje betalt møtegodtgjersle, men det vert gitt vederlag for tapt inntekt og skyss-, kost- og oppholdsgodtgjersle om representanten er vald av kommunen til å representerere.

Nestleiar eller andre som må leie heile møte i leiaren sitt fråvær får dobbel møtegodtgjersle.

6 Godtgjersle ved frikjøp

Folkevalde som vert frikjøpt frå ordinært arbeid, mottar ein fast godtgjersle i staden for dekning av tapt inntekt etter § 4 tredje ledd og arbeidsgodtgjersle etter § 5.

Ordføraren frikjøpast i 100% stilling. Ordførar si godtgjersle vert fastsett til 100% av stortingsrepresentant si godtgjersle.

Varaordføraren frikjøpast i 40 % stilling. Varaordførar si godtgjersle vert fastsett til 40% av stortingsrepresentant si godtgjersle.

Varaordføraren kan motta faste arbeidsgodtgjersler etter §5 for andre kommunaleverv, feks gruppeleiar eller utvalsleiar, men ikkje godtgjersle i kommunestyre og formannskap.

Varaordføraren kan ikkje motta dekning av tapt inntekt etter §4 tredje ledd for noko kommunalt verv.

Utvalsleiar for Plan- og miljøutvalet frikjøpast i 20% stilling utover den faste godtgjersla som utvalsleiar.

7 Ettergodtgjersle

Folkevalde som har eit tillitsverv som sitt hovudarbeid, har etter søknad rett til ettergodtgjersle i 3 månader når dei går ifrå vervet.

Ein søknad om ettergodtgjersle avgjerast av formannskapet.

Retten til ettergodtgjersle avkortast mot anna inntekt etterr eglane i kommunelova § 8-6 andre og tredje ledd.

8 Pensjonsordning

Folkevalde som har følgjande tillitsverv, har rett til pensjon i tråd med kommunen si pensjonsordning for folkevalde:

- Ordførar
- Varaordførar

9 Rett til sjukepengar

Folkevalde som har eit tillitsverv som sitt hovudarbeid, har same krav på sjukepengar som tilsette i kommunen.

Kinn kommune skal betale sjukepengar tilsvarande full godtgjersle i arbeidsgjevarperioda frå den første til den sekstende sjukedagen, jf. folketrygdlova § 8-19.

Har den folkevalde krav på godtgjersle utover seks gongar grunnbeløpet, jf. folketrygdlova § 8-10 andre ledd, skal kommunen betale forskjellen mellom det den folkevalde har krav på å få utbetalt i sjukepengar frå folketrygda og det den folkevalde ville fått i godtgjersle i den same perioden.

10 Rettigheter ved yrkesskade

Folkevalde som har eit tillitsverv som sitt hovudarbeid, skal meldast inn i Kinn kommune si yrkesskadeforsikring og eventuelle andre tilleggs- forsikringar som gir tilsette i kommunen rett til ytingar ved yrkesskade.

11 Permisjonar

Folkevalde som har eit tillitsverv som sitt hovudarbeid, har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15.

Søknad om permisjon avgjerast av kommunestyret.

Under permisjonen beheld den folkevalde godtgjersla i inntil to veker, med mindre han eller ho gjer avkall på den. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og ved barn og barnepassar sin sjukdom, har den folkevalde rett til å behalde godtgjersla etter same reglar som gjeld for tilsvarende permisjonar for tilsette i kommunen.

12 Endringar

Kommunestyret har høve til å juster satsane årleg i samband med handsaming av budsjettet. Framlegg til justeringar skal fylge budsjetthandsaming, slik at endringane kan ligge ute til offentleg ettersyn saman med økonomiplan og budsjett.

13 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 5. oktober 2023.

14 Kommentarar til hjelpedokument

Til § 1:

Det er ikkje alltid nødvendig å angi forskrifta sitt formål. Dersom man veljer å ha ein formålsbestemming, må det vere fordi den tilfører noko meir enn det som allereie går fram av kommunelova sitt generelle formål. Det kan for eksempel vere aktuelt å peike på at reglane om folkevalde sin rett til godtgjersle skal bidra til å sikre brei deltaking i lokaldemokratiet gjennom økonomiske ordningar som gjer det mogleg for alle å delta, sjå NOU 2016: 4 Ny kommunelov pkt. 14.1.1. Ein slik formålsbestemming utdjupar kommunelova sitt generelle formål om å leggje til rette for eit sterkt og representativt lokaldemokrati. Det er ikkje ønskeleg med ein formålsbestemming som seier at angjev at forskrifta gjev reglar etter kommunelova kapittel 8. Det er det heimelen som opplyser om.

Til § 2:

Det er ikkje nødvendig å angje forskrifta sitt verkeområde. Også ein verkeområdebestemming må tilføre noko som elles ikkje følgjer av andre regulatoriske element. Slike element kan særleg vere kommunelova, forskrifta si overskrift eller retts- og pliktreglane. Den mest direkte og beste måten å regulere rettar og plikter på, er å ange subjekta direkte i rett- og pliktbestemmingane, slik som foreslått i dette hjelpedokumentet.

Til § 3:

Det kan eventuelt stillast ytterlegere krav til dokumentasjon og leveringsform.

Til § 4:

Avhengig av kor omfattande reguleringa for kvar tapspost er, kan det alternativt vere høveleg å regulere utmålinga for kvar enkelt tapspost i eigne paragrafar. Det vil seie at det som no er første, andre og tredje ledd, blir utforma som tre forskjellige paragrafar.

Kommunar og fylkeskommunar står fritt til sjølv å utforme satsane. Det er mogleg å bruke eksisterande satsar for tilsette i kommunen eller Statens reiseavtalar som utgangspunkt.

Typiske utgifter som det kan vere aktuelt å dekke etter § 4 tredje ledd, jf. § 3 første ledd bokstav c, er barnepass, ein avløysar, stell av sjuke, eldre e.l. Satsane kan vere ulike for desse utgiftstypene. Det kan vere hensiktsmessig å angje dei ulike satsane i ein tabell. Hugs då at det må utarbeidast ein innleiande tekst som seier noko om på kva måte satsane i tabellen inngår i rettsregelen, sjå for eksempel den innleiande teksten til tabellen i § 5.

Merk at kommunelova § 8-3 tredje ledd siste punktum stiller krav om ulike satsar for høvevis dokumenterte og ikkje-dokumenterte tap.

Til § 5:

Satsane kan for eksempel skrivast i ein tabell, slik eksempelet viser. Det kan vurderast om det skal gjevast ein fast godtgjersle som står i forhold til vervets ansvars- og arbeidsbelastning, eller ei godtgjersle per møte. Dette kan vere ulikt avhengig av om den folkevalde er fast medlem av eit organ eller ikkje.

Godtgjersla kan for eksempel settast ut frå den til ei kvar tid gjeldande godtgjeringa for ordføraren eller for stortingsrepresentantar, eventuelt i antal G.

Det kan vere aktuelt å spesifisere at deltaking på seminar e.l. ikkje godtgjerast. Eventuelt kan dette regulerast slik at møtegodtgjersle berre ytast for møter der den som har tillitsvervet, har møteplikt.

Det kan også fastsettast reglar om reduksjon av godtgjersle, for eksempel ved ugyldig fråvær, og om auking i godtgjersla til varamedlemmer dersom dei deltek i eit visst tal møter.

Til § 6:

Det er valfritt å bestemme at folkevalde som vert frikjøpt, i staden skal motta ei fast godtgjersle. Det er også valfritt kva for nokre folkevalde som eventuelt vert frikjøpt. Dersom høvet vert nytta, må det visast til kommunelova § 8-5 i heimelen.

Det kan vurderast om det er grunn til å regulere kva godtgjersla blir dersom varaordføraren fungerer som ordførar i ei angitt periode.

Bestemmingar som tilsvara andre og tredje ledd, kan også utformast for andre folkevalde som eventuelt vert frikjøpt. Dersom det er mange ulike grupper folkevalde som vert frikjøpt, er det grunn til å vurdere om satsane i staden skal plasserast i ein tabell. Dei ulike alternativa i tabellen må markerast med punktmarkering, gjerne a), b) osb., sjå § 5.

Til § 7:

Det er kommunen sjølv som må vurdere om vervet er den folkevalde sitt hovudarbeid. Dersom kommunen ser det som nødvendig å utdjupe kva som ligger i denne avgrensinga, er det grunn til å fastsette utdjupinga i forskrifta.

Merk at ettergodtgjersle ikkje kan gjevast utover alminneleg oppseingstid for fast tilsette, jf. kommunelova § 8-6 første ledd andre punktum.

Til § 8:

Kommunestyret og fylkestinget står fritt til å velje om dei vil opprette eller slutte seg til ei pensjonsordning for folkevalde. Dersom høvet vert nytta, må det visast til kommunelova § 8- 7 i heimelsangjevinga.

Det følgjer av forskrift 22. april 1997 nr. 375 om pensjon for folkevalde i kommune eller fylkeskommune § 1 at ei eventuell pensjonsordning skal omfatte alle folkevalde med verv av ein viss storleik. Det følgjer også av forarbeida til kommunelova og forskrifta nemnd over at kommunen kan velje å inkludere folkevalde i kommunen si pensjonsordning for tilsette.

Som eit alternativ til å ange konkrete grupper av folkevalde som skal meldast inn, kan vervets størrelse angje på ein meir generell måte. Det må likevel ikkje vere tvil om kven som skal ha rett til pensjon.

Til § 9:

Kommunelova § 8-8 pålegg kommunane/fylkeskommunane å «sørgje for» at folkevalde som har vervet som sin hovudarbeid, har same rett til sjukepengar som tilsette i kommunen/fylkeskommunen. Fastsett forskrifa krav til sjukepengar, må det visast til kommunelova § 8-8 i heimelsangjeving.

Det kan eventuelt også gjevast reglar om melding om sjukdom og krav til dokumentasjon i form av legeerklæring.

Kommunelova § 8-8 regulerer ikkje forholdet mellom den folkevalde og Nav. Det er difor naturleg at kommunen beskriv korleis den vil oppfylle den folkevalde sin rett til full godtgjersle i dei første 16 dagane av sjukemeldinga, jf. merknaden til bestemminga i Prop. 46 L (2017-2018). Bestemminga i § 8-8 sikrar også at kommunen eller fylkeskommunen må betale den eventuelle forskjellen mellom 6G og kva den folkevalde ville fått i godtgjersle etter arbeidsgjevarperioda. Då bør dette òg gå fram av forskrifa.

Til § 10:

Dersom reglar om rettigheitar ved yrkesskade verte teke inn i forskrifa, skal det i heimelsangjeving også visast til kommunelova § 8-9.